

Strand kommune  
Postboks 115  
4126 JØRPELAND

Vår dato: 17.01.2020  
Vår ref.: 201834746-46  
Arkiv: 611  
Deres dato:  
Deres ref.:

Saksbehandler:  
Katrine Stenshorne Odenmarck  
22959327/kast@nve.no

## Søknad om 132 kV frå Dalen til Hjelmeland. Høyring av søknad og invitasjon til møte.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke søknad frå Lyse Elnett AS om ein ny kraftleidning frå Dalen i Strand kommune til Hjelmeland kommune, og ein ny transformatorstasjon på Hjelmeland i Rogaland fylke.

Lyse Elnett har vurdert at det er naudsynt å auke kapasiteten i nettet i Hjelmeland. Dei planlegg difor å bygge ein ny ca. 28 km lang 132 kV kraftleidning frå Dalen til Hjelmeland, samt ein ny transformatorstasjon på Hjelmeland.

Lyse Elnett søker om konsesjon i medhald av energilova. Konsekvensutgreiinga er utarbeida i medhald av reglane i plan- og bygningslova kap. 14 med forskrifter, og utgreiingsprogram fastsett av NVE.

Lyse Elnett søker òg om oreigningsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker Lyse Elnett om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde.

I samband med NVE si høyring av konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiinga ønskjer vi innspel på mellom anna følgjande:

- Kva meiner høyringsinstansane om tiltaket?
- Er konsekvensane godt nok utgreia?
- Forslag til justeringar av planane for å redusere moglege negative verknader av tiltaket.

**NVE vil, som tidigare avtalt, halde orienteringsmøte for lokale og regionale myndigheiter på følgjande tidspunkta:**

- **Hjelmeland kommune, 4. februar 2020 kl. 12.00 i Kommunehuset.**

Vi håper på brei deltaking både frå politisk leiing og administrasjonen i kommunen, inkludert representantar for det faste utvalet for plansaker. **Representantar frå Fylkesmannen og**

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



**fylkeskommunen er invitert til å delta på møtet etter egne ønske.** NVE vil orientere om handsaminga av søknaden og konsekvensutgreiinga. Lyse Elnett vil delta og orientere om planane.

**NVE inviterer også til offentlig møte på Hjelmeland samfunnshus tysdag 4. februar kl. 19.00.**

Søknaden med konsekvensutgreiing er tilgjengeleg på NVE sine internettsider [www.nve.no/kraftledninger](http://www.nve.no/kraftledninger).

Skjema for fråsegner kan finnast på våre internettsider. Fråsegner kan òg sendast som e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller som brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO.

Fråsegner til meldinga må sendast NVE **innan 2. mars 2020**.

#### **Informasjon til kommunane:**

Kommunane vil få to eksemplar av søknaden med konsekvensutgreiing ettersendt. Vi ber om at eitt eksemplar blir lagt ut i kommunen til offentlig ettersyn. NVE vil kunngjere høyringa, utlegging til offentlig ettersyn og det offentlege møtet i aktuelle aviser. Vedlagt følgjer eit oppslag om det offentlege møtet, og vi ber om at kommunen heng opp dette på servicetorg, bibliotek, nærbutikk og liknande. Vi ber vidare kommunen leggje søknaden ut og informasjon om det offentlege møtet på sine internettsider og ev. facebooksider, og å orientere aktuelle lokale velforeningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m. fl. om meldinga.

Med helsing

Lisa Vedeld Hammer  
seksjonssjef

Katrine Stenshorne Odenmarck  
rådgiver

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

Mottakerliste:

Fylkesmannen i Rogaland  
Hjelmeland kommune  
Rogaland fylkeskommune  
Strand kommune